

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

**Aud Karin Oen, SV**, sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesordførar:

«4. Fylkestinget vedtek at Skyss brukar nynorsk i Bergen på same måten som elles i fylket. Dette fordi rutetilbudet i Bergen òg er til for kollektivreisande i Hordaland og administrasjonspråket er nynorsk.

Nytt punkt 5:

5. Fylkestinget vedtek at alle dei fylkeskommunale vidaregåande skulane primært administrerer og marknadsfører seg på nynorsk.

Nytt punkt 6:

6. Fylkestinget vedtek at alle tekstar som fylkeskommunen betalar eksterne tekstprodusentar for, og som skal brukast i samanhengar der fylkeskommunale institusjonar brukar nynorsk, skal leverast på nynorsk av desse eksterne tekstprodusentane.»

**Sigbjørn Framnes, Frp**, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 1

Hordaland fylkeskommune likestiller begge målformene.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart vedteke med som innstilling til fylkestinget 13 røyster (A/Sp/KrF/SV/MDG/V/H) mot 2 røyster (Frp) for Framnes sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 og 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag vart vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling mot 5 røyster (Frp/H).

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget stadfestar at nynorsk er administrasjonsmålet i Hordaland fylkeskommune slik det er innarbeidd i reglement og retningslinjer.
2. Fylkestinget ber om at målvedtak og språk meir generelt i den nye fylkeskommunen vert teke opp i samanslåingsprosessen som er i gang.
3. Fylkestinget oppmodar den nye fylkeskommunen om å gjera vedtak om målform så snart som råd er etter samanslåinga 1.1.2020.